

# Årsmelding til Årsmøte for året 2020

## Årsmøtedato 28.08.2020

Styret sitt arbeid sidan Årsmøte i 2020 vore:


- Konstituerings møte
- Jaktfeltmøter, «føre jakta» og «etter jakta» møter
- Kontroll av felt hjortevilt
- Utarbeiding av ny driftsplan
- Fellesmøte med kommunen og dei andre utmarkslaga

I konstituerings møtet vart styret samansett slik:

Leiar	Rolandsen Berge	På val: 2021
Nestleiar	Harald Søvdsnes	På val: 2022
Sekretær	Egil Strand	På val: 2021
Kasserar	Audun Sandnes	På val: 2021
Styremedlem/Storviltrep.	Aksel Øren	På val: 2021
Styremedlem	Inge Rolandsen	På val: 2022

### Felte dyr

I Hovda Utmarkslag sitt jaktområde blei det felt 207 dyr + 12 skarpdyr, av 215 tildelte dyr.



Fyrste teljinga viste 638 dyr og andre teljing viste 289 dyr, totalt 927 dyr. Mot totalt 733 i 2019. På grunn av denne auken søkte vi kommuna om ei ekstraløyving på 50 dyr. Dette blei innvilga nokre dagar før jaktstart. Då var dei ordinære løyvene for lengst utdelte til jaktfelte og vi bestemte oss for å dele ut av desse løyvene som ekstraløyver til dei som hadde felt full kvote.

### Fallvilt

I 2020 har det vore registrert 25 stk. fallvilt i Vanylven, 22 av dei er påkøyrse. 10 av dyra er registrert i vårt utmarkslag og 9 av dei er påkøyrde.

### Jaktfeltmøter

Også i 2020 vart det arrangert «Føre jakta» og «Etter jakta» møter.

På grunn av ned-stenginga av landet i mars avlyste vi «Etterjakta» møtet og Årsmøtet som var planlagt til slutten av mars. Slik situasjonen utvikla seg utover våren valte vi å vente med «Etter jakta» og Årsmøtet og ta det i lag med «Føre jakta» møtet i august .

### Fellesmøte mellom Vanylven kommune og dei fire utmarkslaga.

Både teljande areal, minsteareal, skrapdyr definisjon og forvaltning generelt har vore ulikt i dei 4 utmarkslaga. Dette har ført til litt frustrasjon hjå grunneigarar rundt om i kommuna siste åra.

Før jakta i 2020 blei eg kontakta av ein grunneigar frå eit av dei andre utmarkslaga med spørsmål om eg kunne få til eit samarbeid for å få mest mogeleg lik praksis både når det gjeld tildeling og skrapdyr ordning.

Det blei ikkje gjort noko frå kommunalt hold før eg purra på saka etter nyttår. Dette høyrer derfor med på årsmeldinga for 2021, men eg tek det med no i forbindelse med godkjenning av ny driftsplan, og det er interessant.

Representantar frå alle utmarkslaga har vore i møte med kommunen på nyåret for å utarbeide nye retningslinjer. Det blir endringar både i teljande areal og minsteareal og viktigast av alt er at dette no skal vere likt for alle utmarkslaga. Alle utmarkslaga satsar no på å utarbeide driftsplan for 4 år. Kommuna vil kalle inn utmarkslaga til evalueringsmøte etter 2 år og nytt møte før neste driftsplan om 4 år. Då er det tenkt å få innspel frå ein fagperson innan hjorteforvaltning som kan sjå på korleis utviklinga i bestanden har vore i løpet av driftsplanen og rettleie oss med tanke på ny driftsplan.

Ein styremedlem har arbeid mykje med hjorteforvaltning og har fått råd om korleis vi skal forvalte hjortestamma slik at vi kan nå målet vårt om å redusere bestanden der den er for stor og korleis vi skal oppretthalde ei berekraftig stamme. Det vil difor verte litt endringar i avskytings profil.

Vanylven Kommune har og hatt ein person på eit slikt kurs og eg ser derfor fram til eit konstruktivt samarbeid med kommunen framover. På grunn av endringar i teljande areal har leiaren i storviltutvalet lagt ned ganske mykje arbeid i å rekne ut areal for kvart enkelt jaktfelt på nytt. Dette arbeide vil fortsette i 2021.

Vi legg no opp til å søke om fleire fellingsløyvet og eg ber om at alle jaktfelta legg seg i selen for å skyte mest mogeleg av tildelt kvote for å få ned bestanden der det er nødvendig. Ikkje vent for lenge med å starte jakta. Det er i starten ein har beste lystilhøva og til tidlegare ein er ferdig med tildelt kvote til tidlegare får ein søke om tilleggsløyver. Dette blir frie dyr med unntak av (kapital) bukk so då treng ein ikkje sitje å vente på rette sorten.

Eg håpar det kan verte meir samarbeid over jaktfeltgrensene om det er vanskeleg å få rette dyra på den tildelte kvota. I jaktfelt 14 har vi samarbeidd i fleire år og skote full kvote. Er det framleis vanskeleg å få rette dyra må terskelen vere lav for å kontakte jaktfeltleiaren ang eit evt. byte av tildelte dyr. Det kan godt hende at jaktfelt som har litt problem med å få rette dyra kan ha ei forholdsvis lita tildeling i starten so ein er rimeleg sikker på å få skote dei dyra og heller satse på å få meir ekstraløyver.

Eg oppmodar alle medlemmar om å varsle styret om eigarskifte slik at vi kan halde oss oppdaterte på kven som er grunneigarar.

Vi har tenkt ein del på korleis vi skal avhalde årsmøte i disse tider. På grunn av ny driftsplan og ein del endringar er det ikkje aktuelt å vente på noka vaksine, då lyt vi heller satse på digitalt møte evt. ein kombinasjon. Eg håpar flest mogeleg deltek på årsmøtet uansett kva form det blir både for å mota informasjon men og for å komme med innspel.

Reidun Berge  
Leiar Hovda Utmarkslag